



Advokatfirmaet Schjødt AS  
Postboks 2444 Solli  
0201 OSLO

Dato: 24.11.2014  
Vår ref.: 2014/22965-2  
Sakshandsamar: Endre Korsøen  
Telefon: 917 64 632

## Sak om dekning av sakskostnader - Akvakulturanlegg i Kvinnherad kommune

Det vert vist til brev datert 04.11.2014.

Med grunnlag i Lov om akvakultur (akvakulturlova) fatta Hordaland fylkeskommune vedtak om løyve til auka areal for anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 13231 Høylandssund i Kvinnherad kommune den 31.01.2013. Fylkeskommunen omgjorde vedtaket den 27.06.2013 på grunnlag av at Kvinnherad kommune hadde omgjort sitt vedtak om dispensasjon frå arealplanen.

Fiskeridirektoratet er klageinstans for vedtak fatta av fylkeskommunen etter akvakulturlova.

Fylkeskommunen sitt vedtak av 31.01.2013 vart klaga på den 20.02.2013. Klagebehandlinga var avhengig av Kvinnherad kommune si behandling av dispensasjonssaka. Fylkeskommunen omgjorde vedtaket sitt i samsvar med kommunen si behandling av dispensasjonssaka. Vedtaket av 31.01.2013 vart ikkje behandla i klageinstansen for vedtak etter akvakulturlova.

Kravet om dekning av sakskostnader etter Lov om behandlingsmåten i forvaltingssaker (forvaltningslova) § 36 vart behandla av fylkeskommunen den 06.09.2013 og avslått. Avslaget vart klaga på og behandla i den fylkeskommunale klagenemnda.

Saksomkostningsvedtaket er behandla etter forvaltningslova. Etter forvaltningslova § 36 tredje ledd er ikkje Fiskeridirektoratet klageinstans når underinstansen omgjorde vedtaket sitt etter akvakulturlova. I slike tilfelle kan underinstansen sitt vedtak klagast på etter reglane i forvaltningslova kap. VI. Etter § 28 andre ledd er då den fylkeskommunale klagenemnda klageinstans.

Det er Hordaland fylkeskommune si oppfatning at klage på vedtak om dekning av sakskostnader i denne saka er behandla av rett klageinstans.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi: Sivilombudsmanen  
Fiskeridirektoratet